



Fagforbundet i Meland v/leiar Thomas Skauge og HTV Kjersti V. Nesse

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4064 - 15/10488

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

28.05.2015

## Kommunereforma og andre samarbeidsformer på tvers av kommunane i Nordhordland

Viser til skriv dat. 24.04.15 om samarbeidsformer på tvers av kommunane og krav om representasjon. Det vert i skrivet vist til HA , både til sjølve forordet og til del B, § 1 om føremål, samarbeid og medråderett.

Kommunestrukturprosessen er ein stor og komplisert prosess, som m.a. er inndelt i ulike fasar. P.t. er kommunane inne i ein rein politisk fase, der det etter kvart vil bli fatta ulike politiske vedtak. Når det gjeld sjølve *drøftingsinstituttet*, slik vi kjenner dette i HA, så er partane på kommunenivå organisasjonane v/ HTV og rådmannen. HA gir ikkje heimel for å krevje drøftingar med politisk nivå i ein kommune, og dette ville i realiteten også vere i konflikt med kommunelova. Drøftingar om ulike spørsmål i kommunestrukturprosessen vil nok etterkvart bli aktuelt, men då på eit seinare tidspunkt i prosessen, og med rådmannen som drøftingspart.

Arbeidsgjevar er elles samd med Fagforbundet i at informasjon til dei tillitsvalde er svært viktig i den fasen prosessen er inne i no. Lokalt i Meland har difor også organisasjonane blitt inviterte til å inneha ei observatørrolle på formannskapsmøta framover, der kommune- struktur no er tema på kvart møte. Det er sendt særskilt informasjon til organisasjonane om dette. Rådmannen vil også syte for elektronisk informasjonsdeling av all relevant informasjon om prosessen. Det er t.d. oppretta ei særskilt Fokusgruppe på heimesida til kommunen, der all aktuell dokumentasjon vert publisert, og også kontaktmøta vil bli nytta til informasjon og erfaringsutveksling.

Når det gjeld den interkommunale kommunestrukturprosessen, så har rådmannsgruppa tilrådd overfor politikarane at organisasjonane, på tvers av kommunane og på tvers av organisasjonane, peiker ut 2 representantar til det interkommunale forhandlingsutvalet. Dei vil då få ei observatørrolle, tilsvarande den rolla organisasjonane er invitert til i Meland formannskap. Invitasjon til observatørrolle gjeld både for det løpet som går for kommunane Lindås, Meland og Radøy og for «det store løpet» for 9 kommunar i regionen. Dersom politisk nivå sluttar seg til denne tilrådinga frå rådmannsgruppa (noko som truleg kjem til å skje), vil det gå ut ei formelt skriv til alle organisasjonane om dette.

Det vert i skrivet også tatt opp prosessen kring etablering av Helsehus i Nordhordland. Her er ein komen lengre i prosessen, og dei politiske vedtaka er på plass. På same måte som for kommunestrukturprosessen

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

vil det bli kalla inn til drøftingsmøte med rådmannen dersom det kjem opp problemstillingar som krev avklaring gjennom drøftingar etter HA.

Med helsing

Kari Anne Iversen  
Personal- og organisasjonssjef

**Kopi til:**  
Ingvild Hjelmtveit  
Nils Marton Aadland

**Mottakere:**

Fagforbundet i Meland v/leiar  
Thomas Skauge og HTV Kjersti V.  
Nesse